

Årsplan 2023

Vedtatt i fylkesutvalet
02.05.2023 (PS 100/2023)

Regional plan for klima 2022-2035



TA VARE PÅ JORDA

Nr. i HP	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjøre (skildring av tiltaket)	Hovudansvarleg	Ansvarleg eining i VLFK
Årsplan 2023						
				NPI – Næring, plan og innovasjon, OPK – Opplæring og kompetanse, INV – Infrastruktur og veg, KFO – Kultur og folkehelse, ORO – Organisasjon og økonomi, IDI – IKT og digitalisering, MOK - mobilitet og kollektivtransport.		
Samarbeid						
Nr. i HP	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjøre (skildring av tiltaket)	Hovudansvarleg	Ansvarleg eining i VLFK
1	Klimaråd Vestland	1.1.	Etablere Klimaråd Vestland	Arrangere etableringsmøte for Klimaråd Vestland. Vedta mandat for gruppa og planlegge arbeidsmåte, og behov for kommunane framover, inkludert oppfølging av regional plan for klima.	Vestland fylkeskommune	NPI
2	Regional samarbeidsgruppe for klimaomstilling	2.1.	Etablere Regional samarbeidsgruppe	Arrangere etableringsmøte for regional samarbeidsgruppe. Avklare arbeidsform, og deltaking.	Vestland fylkeskommune	NPI
3	Klima og miljøleiing i Vestland fylkeskommune	3.1.	Klimabudsjett - vidareutvikle det som verktøy for måloppnåing	Vidareutvikle og ta i bruk digitale verktøy for klimabudsjett i VLFK og vidareutvikle metotikken for klimabudsjett som effektivt styringsverktøy for utsleppsreduksjon.	Vestland fylkeskommune	NPI
		3.2.	Klima- og miljøstyring som integrert del av verksemdsstyringa og kvalitetssystemet	Vidareutvikle tverrfagleg samarbeid om klima- og miljøarbeid internt i fylkeskommunen og forankring i administrativ leiing, ta ei aktiv rolle som Klimapartner i Vestland og levere årleg klima- og miljørekneskap.	Vestland fylkeskommune	NPI
		3.3.	Miljøfyrtårnsertifisering	Resertifisering av Vestland fylkeskommune etter hovudkontormodellen, som er ein modell tilpassa storleiken av organisasjonen, inkl. undereiningar.	Vestland fylkeskommune	NPI
		3.4.	Eigarstyring og eigarstrategiar	Oppdatere rutinar for å etterspørje miljøleiing og foreslå klima- og miljøtiltak i tråd med Regional plan for klima og andre fylkeskommunale planar i selskap Vestland fylkeskommune er eigar. Vurdere korleis grønt eigarskap skal inngå både i opplæring av fylkespolitikarane sine ulike roller, samt sikre fylkeskommunen si pådrivarrolle i klimaomstillinga.	Vestland fylkeskommune	ORO

4	Klimapartnere Vestland	4.1.	Vidare satsing på Klimapartnere Vestland	Vidareutvikling av Klimapartnere Vestland som eit partnerskap for utsleppskutt og grøn forretningsutvikling. Nettverket vidareutviklar klimarekneskap som verktøy for å systematisk jobbe med klimarapportering for å syne resultat, samle eksempel frå verksemdene og vise god praksis.	Klimapartnere Vestland	NPI
5	Regionale tilskotsordningar	5.1.	Vektlegging av bidrag til klimaomstilling i fylkeskommunale tilskotsordningar	I samband med tildelinga av regionale tilskotsmidlar skal miljøprofil og tiltaket sitt bidrag til klimaomstilling vektleggast i vurderinga, når det er relevant. Utarbeide gode rutinar på dette i kvar enkelt tilskotsordning for å sikre at tilskotsmidlar frå VLFK bidreg til å stimulere prosjekt til å bidra til klimaomstilling, og at Vestland når måla sine.	Vestland fylkeskommune - alle avdelingar	NPI
		5.2.	Vurdere behov for tilskot for energieffektivisering	Vurdere behov for etablering av eiga tilskotsordning for energieffektiviseringstiltak, sett i lys av potensiale og behov for energieffektivisering for å frigi energi til andre klimatiltak. Tematisk kopling til Regional plan for fornybar energi.	Vestland fylkeskommune	NPI
		5.3.	Tilskotsordning til berekraftig samfunnutvikling	Tilskotsordning for fagområda klimaomstilling, folkehelsearbeid og by- og stadutvikling blei samordna i mars 2021. Tilskotsordninga støttar opp om prosess- og utviklingsarbeid i kommunane sin innsats for å styrke lokalsamfunn, gode kvardagsliv og like mogelegheiter for alle. Søknadsfrist 1. september.	Vestland fylkeskommune	NPI
		5.4.	Tilpasse tilskotsordningar knytt til klimaomstilling	Evaluerer og vurderer endringar/tilpassingar av eksisterande tilskotsordningar for drift av miljøorganisasjonar og tilskot til lokale klima og miljøtiltak. Dette for å sikre at ny innretning er i tråd med ambisjonane i ny klimaplan, og gir føreseielegheit for søkar og reduserer administrasjonskostnadane ved å drifte ordninga.	Vestland fylkeskommune	NPI
6	Klima- og miljøpris	6.1.	Vestland sin klima- og miljøpris 2023	Publisere, nominere, samt promotere prisen. Nominasjonsfrist 28. februar 2023. Nominasjonsnemnda gjennomgår nominasjonar og innstiller kandidat/kandidatar til fylkesutvalet. Fylkesutvalet avgjer om prisen skal delast ut og til kven. Prisen på 70 000 kr og diplom vert delt ut i fyrste tingsete etter vedtak.	Vestland fylkeskommune	NPI
7	Innbyggjarpanel / generasjonskafé	7.1.	Forarbeid innbyggjarpanel	Ikkje kapasitet til etablering i 2023. I 2023 skal vi starte dialog med forskings og høgskulemiljø, samt pågåande planprosessar for å sikre relevans og kopling til andre pågåande prosessar der medverkand og innbyggjarinvolvering er i fokus. Planlegge for ei etablering av innbyggjarpanel/generasjonskafé eventuelt i 2024.	Vestland fylkeskommune	NPI

8	Klimakommunikasjon	8.1.	#Klimaomstilling 2023	Planlegging og gjennomføring av den nasjonale konferansen #Klimaomstilling i Sogndal 3.- 4. mai 2023. "Vanskelege val i ei pressa tid - Korleis auke tempoet i klimaarbeidet". Samarbeid mellom Vestlandsforskning, Statsforvaltaren, Høgskulen på Vestlandet, Statens vegvesen, NORADAPT, NVE, UiB, CET, Innovasjon Norge, Klimapartnere Vestland og Vestland fylkeskommune. Etter årets konferanse vil vi evaluere konferansen sett opp mot kapasitet, ressursbruk og måloppnåing.	Vestlandsforskning	NPI
		8.2.	Klimathon 2024	Vidareutvikle Klimathon. Klimathon eit arrangement der vi jobbar på tvers av fag, sektor og geografi for å løyse utfordringar knytt til klimatilpassing. Arrangementet går over to dagar med gruppediskusjonar, idèutveksling, fagleg påfyll med deltaking frå heile landet. Finansierte av Vestland fylkeskommune, NORADAPT og NORCE i tett samarbeid med Bjerknessenteret for klimaforskning, og CET Senter for energiomstilling.	Vestland fylkeskommune, NORADAPT og NORCE	NPI
		8.3.	Bærekraftig frokost	<i>Bærekraftig frokost</i> er ein møteplass for dialog, inspirasjon og erfaringsutbyte om tema som energieffektive bygg og bærekraftige bymiljø. Møta er både fysiske og digitale for å nå ut til interessantar i fylket. <i>Bærekraftig frokost</i> er eit samarbeid mellom Bergen kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Universitetet i Bergen, Bergen Arkitektøgskole og Høgskulen i Vestland.	Bergen kommune	NPI
		8.4.	Formidle hovudinnhald i Regional plan for klima	Sikre formidling av klimaplanen sitt innhald enkelt og illustrativt gjennom video, enten gjennom bilete eller illustrasjonar. Sikre kortfatta og enkel formidling av hovudbodskap. Både korte videosnuttar og ein litt lengre video, kan nyttast på nettside, sosiale medier, i presentasjonar og konferansar. Interne kurs kan bli aktuelt	Vestland fylkeskommune	NPI
		8.5.	Klima og miljøfokus i den Kulturelle Skulesekken	I skuleåret 2022/2023 vert førestillinga "Bortkasta" gjennomført på mellomtrinnet i Etne, Tysnes og Kvinnherad kommune. Førestillinga vert omtalt som verdas mest miljøvenlege improshow. Eit improvisert show laga av alle tinga du ikkje treng lenger.	Den Kulturelle skulesekken	KFO
		8.6.	Varmere Våtere Villere	Klimafestival arrangert i Bergen, 15.-17. mars 2023. Vestland fylkeskommune bidreg med 500 000 kr i finansiering, samt deltaking i programkomitè. Klimafestival for å gjere klimadebatten meir tilgjengeleg og engasjerande gjennom uformelle og sosiale arenaer for dele kunnskap, meiningar og idear.	Varmere Våtere Villere	NPI

9	Kompetanse, forskning og innovasjon	9.1.	Fields of gold	Forskningsprosjekt om implementering av FN sine berekraftsmål i regional og lokal planlegging. Bømlo, Gloppen og Sunnfjord kommune deltek saman med fylkeskommunen og Statsforvaltaren. Prosjektet skal utvikle metodikk som bistår lokal og regional implementering av berekraftsmåla, ved hjelp av scenarier. Metoden vert testa i planarbeid og erfaring nyttast for å utarbeide anbefalingar.	Nordlandsforskning, saman med 23 partnera inkl. Vestlandsforskning, frå academia, offentlig forvaltning og sivilsamfunnet.	NPI
		9.2.	Oppfølginga av Utsleppsanalysa frå CICERO og TØI	Sikre god bruk av utsleppsanalysa og tiltakspakkane. Prioritert oppfølging vert innføring i verktøyet for å kalkulere effekt og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget og synleggjering av måloppnåing.	Vestland fylkeskommune	NPI
		9.3.	Empowered Futures	Internasjonal forskarskule for PhD-utdanning for å navigere sosiale og miljømessige kontroversar av ei energi- og klimaomstilling av samfunnet. Utdanninga gir forskingsbasert kompetanse på konfliktmekling, rettferdig klima- og energipolitikk, og utviklingsrammer for å oppnå ei rettferdig klimaomstilling. Partnerar er UiO, UiB, UIS og UiA. VLFK deltek som ein samfunnspartner. Deltaking i prosjektet skal på sikt sikre forskning på Vestland si klima- og energiomstilling, sikre arbeidsrelevant erfaring, feltarbeid, samt at VLFK stiller med førelesing om pågåande og relevante prosjekt i Vestland.	NMBU - Norsk miljø- og biovitenskaplige universitet	NPI
		9.4.	Forprosjekt: Kunnskapsgrunnlag for integrerte planar om areal og klima	Korleis vi skal klare å løyse både klima- og naturkrise, utan at tiltaka motverkar kvarandre? Finansiert gjennom RFF Vest. Forprosjektet vert avslutta 2023. Vurdere evt. hovudprosjekt, samt kopling til arbeidet med arealrekneskap og tilhøyrinande kunnskapsgrunnlag.	Vestlandsforskning	NPI
		9.5.	Klima- og miljøfag i vidaregåande opplæring	Klima- og miljøfag, utvikla på Firda VGS, svarer godt på overordna mål om berekraftig utvikling og klima og miljøundervising. Faget ser klimautfordringane i både eit naturfagleg og samfunnsfagleg perspektiv. Faget ligg til godkjenning hjå Kunnskapsdepartementet og har vore det i fleire år . Vi skal jobbe aktivt for å sikre at faget vert godkjent, og alle skular får muligheit til å ta faget i bruk i heile fylket og nasjonalt.	Vestland fylkeskommune, saman med Firda VGS	OPK

		9.6.	Skulen som drivkraft for berekraftig samfunnsutvikling	Vidaregåande skular og fagskulen som arena for kunnskapsutvikling, drivkraft for samfunnsutvikling og for å sikre innovasjon og kompetanse hjå framtidens innbyggjar og deltakarar i det grønne skriftet.	Vestland fylkeskommune	OPK
Auka klimafokus i kommunane						
Nr. i HP	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjere	Hovudansvarleg	Ansvarleg eining i VLFK
10	Klimanettverk for kommunar i Vestland	10.1.	Kommuneundersøking 2023	Gjennomføre undersøking i kommunane i 2023. Dette er ei oppfølging av undersøkinga frå 2020. Undersøkinga skal gi svar på korleis kommunane i Vestland jobbar og prioriterer klimaomstilling som del av sitt arbeide. Tematikk for undersøkinga vil vere ambisjonsnivå, oppfølging av statlege planretningslinjer, planprosessar og behov for rettleiing og samarbeid med VLFK og Statsforvaltaren.	Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune	NPI
		10.2.	Klimaomstilling i kommunale planar	Sikre oppfølging av Regional plan for klima gjennom kommunale planprosessar. Følgje opp kommunale overordna planar. Dette kan vere med eigen klimaplan, eller at det vert tilstrekkeleg dekkja i andre overordna kommunale planar. Krev eigen personalressurs til oppfølging.	Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland	NPI
		10.3.	Klimanettverk for kommunar i Vestland	Vidareutvikle klimanettverket - nettverket skal vere eit nyttig nettverk for kommunane i sitt klimaarbeid, både plan- og klimafagleg.	Vestland fylkeskommune	NPI
		10.4.	Vidareutvikle tverrfagleg oppfølging av kommunane	Koordinere arbeidet ut mot kommunane for å legge klima og miljø som premiss, samt sikre tverrfagleg oppfølging. Dette krev intern organsiering i fylkeskommunen, samt å kunne involvere eksterne aktørar ved behov. Krev eigen personalressurs til oppfølging.	Vestland fylkeskommune	NPI
11	Kunnskapsbasert planlegging	11.1.	Klimadashbord	Vidareutvikle klimadashbord for å formidle oppdatert klimastatistikk og kunnskap. Intern vidareutvikling, samt samarbeid med kommunar for å utvikle verktøyet. Prosjekt i samarbeid med Bergen kommune	Bergen kommune	NPI
12	Vidareutvikle klimabudsjett som styringsverktøy	12.1.	Klimabudsjett 2.0	Vidareutvikle klimabudsjett som verktøy for bruk både i fylkeskommunen og i kommunane. Prosjektet utforskar moglegheita til å inkludere fleire parameter og målemetodar knytt til budsjettprosessar, og for å inkludere klimafotavtrykket.	Vestlandsforskning	NPI
13	Heilskapleg klimaplanlegging	13.1.	Samordning og samarbeid om rettleiing	Samordning av rettleiing ovanfor kommunane.	Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland	NPI

Plantema: Redusere direkte klimagassutslepp						
Deltema: Transport						
Nr. i HP	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjøre	Hovudansvarleg	Ansvarleg eining i VLFK
14	Nullvekstmål i byområda	14.1.	Miljøløftet	Samarbeide for å nå nullvekstmålet som vi er forplikta til gjennom byvekstavtalen for Bergensområdet. Alle prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal porteføljestyrt opp mot måloppnåing i høve til nullvekstmålet og slik bidra til eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for innbyggjarar og næringsliv i Bergensområdet. Oppfølging av handlingsprogram for Miljøløftet for perioden 2023-2026 (vedteke FT 21.06.2022 PS 46/2022) vil legge til rette for bruk av miljøvenleg teknologi og innovasjon, redusert bilbruk, auka bruk av kollektivtransport og auka bruk av sykkel og gange. Vestland fylkeskommune rår over ei rekke verkemiddel knytt til rute- og takststruktur for kollektivtransport, veginfrastruktur, rekvirering av bompengar og arealpolitikk. Tett samarbeid mellom partane er likevel avgjerande for å lukkast med ulike tiltakspakkar innanfor avtaleområdet.	Tett samarbeid mellom dei 9 partane i Miljøløftet	MOK
15	Grønare bybanebygging	15.1.	Grønare bybanebygging	Grøn bybanebygging bidreg til å fremje gode og framtidssrette klima- og miljøløysingar både under prosjektering og utbygging, både gjennom bruk av ny teknologi, klimarapportering og innkjøpskrav.	Bybanen utbygging	MOK
16	Vidareutvikling av tettstadpakkar i Vestland	16.1.	Estimert oppstart i 2024	Utsett til etter vedtak av Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn.	Vestland fylkeskommune	NPI
17	Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn	17.1.	Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn	Utarbeide kunnskapsgrunnlag for å sikre berekraftige lokalsamfunn.	Vestland fylkeskommune	NPI
18	Vestlandssatsing på elektrisk luftfart	18.1.	Vestlandssatsing på elektrisk luftfart	Etablere pilotprosjekt for elektrisk flyrute mellom Førde og Bergen. Initiativet er starta og prosjektet vil bli utvida med relevante aktørar frå næringsliv, interesseorganisasjonar og offentlege etatar. Samanfatte kunnskapsgrunnlag og starte strategisk arbeid.	Vestland fylkeskommune	NPI

19	Grøn skipsfart	19.1.	Samarbeid for heilskapleg verdikjedesatsing for alternative drivstoff i skipsfart	Legge til rette for samarbeid mellom aktørar innan alternative drivstoff i skipsfart om ein heilskapleg verdikjedesatsing. Omstilling av skipsfarta til nullutslepp er teknologisk mogleg dersom ein nyttar dei ulike nullutsleppsdrivstoffa der dei høver seg best.	Vestland fylkeskommune, i samarbeid med næringsaktør ar	NPI
		19.2.	Elektrifisering av ferjesamband	For ferje vart elektrifiseringa på 17 samband gjennomført i 2020 og 2021. 22 av 28 ferjer er hybridelektriske. Nye ferjekontraktar i Sogn og Fjordane vil vere på plass i 2027. For ferjesambanda er utsleppa drastisk redusert frå 2018 gjennom krav i dei nye kontraktane i Hordaland. Full heilårseffekt kjem for kalenderåret 2022 etter ferdigstilling.	Vestland fylkeskommune	MOK
20	Framtidas hurtigbåt	20.1.	Elektrifisering og biodrivstoff - lokale båttruter Sogn og Fjordane	Norled er tildelt kontrakt, oppstart 1. mai 2024 (opning for oppstart 1. november 2023). Minimumskrav om 52 % utsleppskutt. Skyss har estimert utsleppskutt til 3 300 tonn CO2/år frå oppstart. Oppstart er under førebuing. Det er forslag om å ta ut krav til biodrivstoff ved innføring av omsettingskrav på sjø.	Vestland fylkeskommune	MOK
		20.2.	Elektrifisering og biodrivstoff Bergen–Nordfjord–Sogn/Flåm	Det er politisk vedteke å ferdigstille konkurransegrunnlaget for båttrutene mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm med krav til utsleppskutt så snart som råd. Driftsoppstart kan skje tidlegast i 2025/26. Konkurranseutsetting av båttrutene er under arbeid. Det vert foreslått å ta ut krav til biodrivstoff ved innføring av omsettingskrav på sjø.	Vestland fylkeskommune	MOK
		20.3.	Elektrifisering askøysruta og delektrofisering nordhordlandsruta	Ved konkurranseutsettinga i 2022 er det stilt krav om heilelektrifisering på askøyruta og CO2-kutt på nordhordlandsruta. Oppstart er forventa i 2024/25. Skyss har estimert utsleppskutt til 3 000 tonn CO2/år frå oppstart. Oppstart er under førebuing. Det er forslag om å ta ut krav til biodrivstoff ved innføring av omsettingskrav på sjø.	Vestland fylkeskommune	MOK
		20.4.	Pilotprosjekt Framtidas Hurtigbåt	Prosjektet er inne i designfasen, der næringslivet arbeider med å utvikle utsleppsfrie og energieffektive løysingar som er naudsynte for å kunne byggje framtidas hurtigbåt.	Vestland fylkeskommune	MOK
21	Hurtigladestrategi	21.1.	Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtigladeplassar i Vestland	Lyse ut støtte til å styrke hurtigladeinfrastrukturen med særskilt fokus på å styrke nettverket av offentlege hurtigladeplassar, sambbruk mellom bil og båt, lynlading ved sjukehusa og ladeplassar for større køyretøy.	Vestland fylkeskommune	NPI
		21.2.	Tilskotsordning for ladeinfrastruktur drosjar	Vidare tilrettelegging til overgangen til nullutsleppsdroser gjennom tilskot til kjøp og montering av heimeladar hjå drosjesjåførarar.	Vestland fylkeskommune	NPI
		21.3.	Hurtigladeinfrastruktur til tyngre køyretøy	Etablere samarbeid mellom fylkeskommunen og relevante aktør ar innan engros, renovasjon og varetransport om hurtigladeinfrastruktur for tungtransport med utgangspunkt i pågåande prosess i Statens vegvesen.	Vestland fylkeskommune i samarbeid med Statens Vegvesen	NPI

22	Nullutsleppsbussar	22.1.	Nullutsleppsteknologi buss	Under utgreiing for eksisterande kontraktar Bergen sør og Vest og for kontraktfornyng i distrikt 2023-2027. Skyss vurderer handlingsrommet og konsekvensar ved ei elektrifisering i gjeldande kontraktar for Bergen sør og Vest. Førebuing av konkurranseutsetting for kontraktsområda Nordfjord, Haranger/Voss og Modalen/Vaksdal pågår. For Sunnfjord er det gjennomført ei utgreiing.	Vestland fylkeskommune	MOK
23	Klimavenleg fylkesveg	23.1.	Forprosjekt - Lågutslepps fylkesvegbygging og -drifting	Sikre erfaringsoverføring og potensielt søknad for hovudprosjekt etter ferdigstilling av forprosjekt om lågutslepps fylkesvegbygging og drifting. Rapporteringsfrist til Miljødirektoratet 15. mars	Vestland fylkeskommune	INV
		23.2.	Transportsklynge VIA	Deltaking i klynge for sikker, smart og berekraftig transportinfrastruktur, med aktørar innan samferdsleområdet. Deltaking i nasjonal klynge kan bidra til måloppnåing både i Regional transportplan og regional plan for klima. Auke kunnskap og knyte nettverk for å utvikle ny teknologi og nye løysingar.	Vestland fylkeskommune	INV
		23.3.	Grøn anleggsektor	Deltaking i nettverket Grønn Anleggsektor for å sikre grøn og fossilfri framtid der innovasjon og nye former for verdiskaping er naudsynt. Nettverket skal sikre sektoren si konkurransekraft.	Vestland fylkeskommune	INV
24	Klimavenleg massehandtering	24.1.	Klimavenleg massehandtering	Prosjektet skal identifisere god praksis for økonomisk og klimavenleg massehandtering. Hensikta er å identifisere tiltak, prinsipp og strategiar i situasjonar der vi som vegbygger har eit masseoverskot og/eller der vi har eit masseunderskot og kan ta i mot massar frå andre aktørar. Det er inngått kontrakt med konsulent for gjennomføring av utgreiing i 2023-2024.	Vestland fylkeskommune	INV
Deltema: Energieffektivisering						
Nr. i HP	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjere	Hovudansvarleg	Ansvarleg eining i VLFK
25	Berekraftige bygg i Vestland fylkeskommune	25.1.	Handlingsplan for heilskaplege og framtidsretta energiløysingar	Kartlegge energiløysingar og stadlege tilhøve på fylkeskommunale anlegg for å sikre heilskaplege og framtidsretta energiløysingar som skal bli inkludert i eigen handlingsplan. Forventa handsaming i fylkestinget hausten 2023. Målet er å få ein årleg reduksjon på tilført ekstern energi og gjennomføre tiltak som sikrar vidare energieffektivisering i fylkeskommunale bygg.	Vestland fylkeskommune	ORO

		25.2.	Klima- og miljøvenlege bygg	Oppfølging av vedtak i Fylkestinget om at i nye prosjekt innan bygg skal klimakrav formulerast slik at det vert knytt krav til maksimalt utslipp av CO2-ekvivalentar. Krava skal gradvis bli strengare slik at vedteke mål i om nullutslipp i 2030 blir nådd. Eigedom prosjekterer og bygger alle sine større nybygg i hht Breeam Excellent.	Vestland fylkeskommune	ORO
26	Utgreiing om potensiale for energieffektivisering i Vestland	26.1.	Utgreiing: Energieffektivisering i Vestland	(TRENG FINANSIERING) Lyse ut konsulentoppdrag for å gjennomføre ei analyse for potensiale for energisparing og energieffektivisering i Vestland. Oppdraget vil inkludere grunnlag for, og strategiar for auke energieffektering i regionen.	Vestland fylkeskommune	NPI
Deltema: Klimavenleg landbruk						
Nr. i HP	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjere	Hovudansvarleg	Ansvarleg eining i VLFK
27	Redusert klimaavtrykk frå Vestlandsjordbruket	27.1.	Redusert klimaavtrykk i Vestlandsjordbruket	Prosjekt KlimaVest. Målsetjinga for prosjektet er å gjere bøndene i stand til å redusere klimaavtrykket frå matproduksjon utan at det går utover produksjon, arealutnytting, dyrevelferd og dyrehelse.	KlimaVest	NPI
28	Auka bruk av klimakalkulator og klimarådgjeving	28.1.	Auka bruk av klimakalkulator og klimarådgjeving	Mogeleg med støtte frå regionalt miljøfond til klimarådgjeving. Føremålet er at bonden skal få rådgjeving om garden sitt klimaavtrykk og behovet for klimatilpassing på garden. Bruk av klimakalkulator inngår i dette arbeidet for systematisk å få oversikt over utslipp, korleis redusere utslappa, og korleis binde karbon på garden.	Statsforvaltaren og KlimaVest	NPI
29	Bionova - tilskot til bioøkonomi og klimatiltak	29.1.	Bionova	Sikre vidareformidling av informasjon om den nasjonale tilskotsordninga Bionova til søkarar i Vestland. Sikre at ordninga kan dekke og bidra i Vestland sine utfordringar og mogelegheiter for å gi mest mogeleg resultat for Vestland	Innovasjon Norge, Statsforvaltaren og fylkeskommunen	NPI
30	Styrka jordvern	30.1.	Regional jordvernstrategi	Sikre samordning og kunnskapsdeling for å sette jordvern på dagsorden for å nå ambisjonsnivå i regional jordvernstrategi (jf. Temaplan for landbruk i Vestland 2023-2027). Dette gjennom heilskapleg og langsiktig planlegging. Sikre gjennomgang av alle utkast til kommunale planar på høyring for å sikre at jordvern er ivarett.	Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland	NPI
Deltema: Berekraftig næringsutvikling						
	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjere	Hovudansvarleg	Ansvarleg eining i VLFK

31	Grøn region Vestland	31.1.	Grøn Region Vestland	Prosjekt for å rigge Vestland for det grønne skiftet. Breitt regional partnerskap for å auke tempo, gjennom prioriteringar og treffe dei naudsynte tiltaka for å lukkast med grøn omstilling. Aksjonsretta og lite byråkratisk samanslutning. Tiltak vert gjennomført av næringane sjølve, Grøn Region Vestland legg til rette for å gi verkemidene det dei treng for å lukkast.	Innovasjon Norge og Vestland fylkeskommune	NPI
32	Fossil- og utsleppsfrie bygg- og anleggsplassar	32.1.	Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar	Kravstilling i anbud for å fremje utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar på oppdrag bestilt av Vestland fylkeskommune (kravstilling i anbud)	Vestland fylkeskommune	EIG, INV, MOK/BU
		32.2.	Stimulere til grønn omstilling av bygg- og anleggsbransjen i Vestland	Styrke samarbeid og kunnskapsdeling om innkjøp og anbud som verkemiddel gjennom å dele erfaringar fr a igongsette aktivitetar og prosjekt, til dømes Kunnskapsparken sitt prosjekt "Grøn omstilling i byggebransjen". Styrke samhandlinga mellom fylkeskommunen som byggherre og entreprenør og andre interessentar i anleggsnæringa gjennom leverandørkonferanse.	Vestland fylkeskommune og Klimapartnere Vestland	NPI og Klimapartnere
		32.3.	Berekraftig anleggsutvikling	Berekraftig anleggsutvikling for idrett og friluftsliv gjennom samarbeidsavtale mellom Vestland idrettskrets og Vestland fylkeskommune. Målet er å bli ein sterk regional utviklingsaktør i høve nybygg, rehabilitering, bygging og drift av idrettsanlegg der FN sine berekraftsmål vert lagt til grunn. Samarbeidet skal heve kompetansen på området gjennom felles tiltak og møteplassar for kompetanseheving og rådgjeving for å sikre nyskapande aktivitetsanlegg og berekraftige arrangement.	Vestland Idrettskrets og Vestland fylkeskommune	KFO
33	Sirkulære verdikjeder	33.1.	Nye forretningsmodellar knytt til sirkulære prinsipp	Nytte Hackaton til å utfordre ungdom med relevant bakgrunn til å komme med nye innovative forretningsmodellar knytt til sirkulære prinsipp.	Vestland fylkeskommune	NPI
34	Karbonfangst, -bruk og -lagring	Med vilje tom	Ikkje eige tiltak i 2023	Ikkje lagt til rette for tiltak i 2023, men eit viktig punkt der fylkeskommunen kan arbeide politisk for gode rammevilkår for karbonfangst, -bruk og -lagringsprosjekt lokalisert i Vestland.	Vestland fylkeskommune	NPI
35	Netto nullutslepp frå dei største punktutsleppa	35.1.	Etablere dialog og samarbeidsform med dei største punktutsleppa	Etablere forum for dialog, som rundebordskonferanse for å avklare moglegheiter for samarbeid om a realisere utsleppskutt. Sikre kopling til eksisterande nettverk og fora.	NHO i samarbeid med aktuelle offentlege og næringsaktør ar og Grøn region Vestland	NPI
Plantema: Redusere klimafotavtrykket						

Nr. i HP	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjøre	Hovudansvarleg	Ansvarleg eining i VLFK
36	Grønt hytteliv i Vestland	36.1.	Grønt hytteliv	Samarbeidsprosjekt mellom Bergen, Voss, Eidfjord, Kvam og fylkeskommunen for å redusere klimafotavtrykket knytt til hyttebygging og bruk av hytter. Prosjekt ser på korleis vi tek vare på karbonrike areal, legg til rette for klimavenleg energibyggging, redusert transportbehov og utsleppsfrie reiser.	Bergen kommune	NPI
37	Plaststrategi	37.1.	Plaststrategi	Fylkeskommunen gjennomfører tiltak i plaststrategien gjennom egne avdelingsprosjekt og budsjett. Det blir rapportert årleg på tiltaka og det er føreslege 11 indikatorar som kan nyttast i høve måloppnåing. Det er løyvd kr 1 mill til oppfølging i 2023. Dette er tema i eiga Fylkesutvalssak der kr 800.000,- går til ei tilskotsordning for «Plastrydding, førebygge spreing av plast og unødig bruk av plast i Vestland 2022», kr 50.000 til Grøne arrangement og kr 150.000 til Plastutfordringa. Til det siste er det i tillegg sett av kr 50.000 frå klimamidlar, tilsvarande tidlegare praksis. Plastutfordringa er ein konkurranse på dei vidaregåande skulane i Vestland som går over to veker i oktober november	Vestland fylkeskommune	NPI
38	Verktøy for å rekne ut klimafotavtrykket	38.1.	Folkets fotavtrykk - evaluere og eventuelt vidareføre	Gjennomføre evaluering av relevans og nytteverdi av å vere aktiv samarbeidspart for å vidareutvikle ein kalkulator for både fylkeskommunen og kommuane sitt forbruksbaserte klimafotavtrykk. Basert på erfaring vurdere vidare avtale, og eventuell støtte til kommunar som ynskjer å nytte seg av verktøyet.	Vestland fylkeskommune	NPI
39	Klimavenleg innkjøp	39.1	Klimakrav i anskaffingar fylkesvegane i Vestland	Klimasats-finansiert prosjekt med tilsetjing av medarbeidar i 2-årig stilling for arbeid med klima- og miljøkrav i anskaffingar. Prosjektet skal jobbe med anskaffingar i fylkesvegprosjekt, frå utbygging, til drift og vedlikehald. Arbeidet gjeld implemertering og etterleving av klima- og miljøkrav i anskaffingar for heile fylkesveglivsløpet.	Vestland fylkeskommune	INV
		39.2.	Grøne IT-løysingar	Legge til rette for grønare IT-løysingar og produkt i bruk i fylkeskommunen. Legge til rette for sikre og føremålstenlege produkt, med fokus på auka sirkularitet og energieffektivisering gjennom gjenbruk og ombruk og gjenvinning av IT-utstyr og komponentar.	Vestland fylkeskommune	IDI
		39.3.	Sirkulære møblar	Eige prosjekt for "Sirkulære møblar i VLFK" er avslutta og erfaringsoverføring og vidareføring av prosjektet inn i ei driftfase vert i fokus gjennom året.	Vestland fylkeskommune	ORO og OPK
40	Berekraftige kantiner	40.1.	Berekraftige kantiner	4 pilotskular for berekraftig matsservering i kantiner på vidaregåande skular gjennom Matvalget, 2-årig prosjekt.	Vestland fylkeskommune	NPI og OPK
41	Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren	41.1.	Mogeleg oppstart 2024	Dialog kring tiltak vil skje i samarbeid med prosessen for årsplan for Regional plan for kultur 2023-2035	Vestland fylkeskommune	KFO

Plantema: Trygt og robust Vestland						
Nr. i HP	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjere	Hovudansvarleg	Ansvarleg eining i VLFK
42	Auka bruk av naturbaserte løysingar for klimatilpassing	42.1.	Ingen egne tiltak i 2023	Tematikken vil bli inkludert i arbeidet med 13.1 for å sikre heilskapleg planlegging i kommunane		
43	Klimatilpassing av fylkesvegnettet	43.1	Forprosjekt: Klimarobust vegforvaltning	Prosjektet "Klimarobust vegforvaltning gjennom tverrsektorielt samarbeid i Vestland fylke" er eit prosjekt mellom Norce Samfunn, Vestlandsforskning, Kvam Herad, NVE og fylkeskommunen. Prosjektet skal utvikle nye former for tverrsektorielt samarbeid på regionalt nivå for dermed å styrka innsatsen i arbeidet med klimatilpassing innfor vegforvaltninga i Vestland fylke. Særleg viktig er det å få til eit samarbeid mellom sektorstyresmakter med ansvar for veg, beredskap, arealplanlegging, og samfunnsutvikling. Forprosjekt vert avslutta våren 2023.	Vestlandsforskning	INV
44	Medverknadsmetodar for klimatilpassing	44.1.	Medverknad for klimatilpassing	Klimaomstilling og klimatilpassing må vere godt integrert i regionale og lokale planprosessar. Då må medverknad og innbyggjarinvolvering styrkast for å sikre viktig lokalkunnskap og sikre forståing og engasjement for ulike tiltak. Prosjektet skal teste ut ulike metodar for medverknad når det gjeld datainnsamling, visualisering av klimakunnskap og deltaking i planprosessar.	NORCE, Institutt for geografi ved NTNU og Vestlandsforskning	NPI
45	Søke klimatilpassingsmidlar	45.1.	Søke klimatilpassingsmidlar	Søknadsfrist 15. februar 2023 (før vedtak av årsplan). Planlegge søkandar for 2024.	Alle	
46	Kommunenettverk for klimatilpassing		Kommunenettverk for klimatilpassing	Nettverk for å styrke arbeidet med klimatilpassing, då oppdatert kunnskap, erfaringsdeling og læring er viktig for å lukkast. Nettverket er drifta av KS der kommunar i heile landet vert invitert, nettverket for 2022-2023 vert avslutt våren 2022. Evaluering og planlegging av ny runde 2023-2024 vert gjennomført til hausten.	KS Vestland	NPI
47	Samfunnstrykkleik og beredskap	47.1.	Samfunnstrykkleik og beredskap	FylkesROS Vestland er ein overordna analyse av risiko og sårbarheit i fylket, inkludert konsekvensane av klimaendringane. Den vil vere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for beredskapsplanlegging, og for analysane av risiko- og sårbarheit i kommunane. Oppfølging av handlingsplanen til FylkesROS vil vere eit viktig tiltak for å redusere sannsynet for, og konsekvensane av uønskte hendingar.	Statsforvaltaren i Vestland	NPI

48	Rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt	48.1.	Rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt	Sivilbeskyttelseslova og forskrifta til den pålegg kommunen å utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse. Analysen skal omfatte risiko og sårbarheit i eige område, m.a. uønskte naturhendingar. Det er viktig at analysen omfattar vurderingar av risiko og sårbarheit i eksisterande busetnad og infrastruktur, og konsekvensar av klimaendringane. Statsforvaltaren driv rettleiing og tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta etter sivilbeskyttelseslova	Statsforvaltaren i Vestland	NPI
49	Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur	49.1.	Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur i kommunar	Prosjektet skal utvikle indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur i kommunane. Indikatorane skal tilrettelegge for at vi skal kunne sei noko om den økonomiske fordelten ved ulike klimatiltak, og skal tilpassast kor langt kommunane er komne i klimatilpassingsarbeidet, relevant skaderisiko og aktuelle skadeårsaker. Ambisjonen er at kommunane skal få verktøy for å kartlegge sårbarheit, og utvikle mål, strategiar og handlingsplanar. Deltakande kommunar: Fitjar, Kinn, Kvam, Luster, Lærdal, Sogndal, Voss og Trondheim kommune, saman med Vestland fylkeskommune.	Osterøy kommune (prosjekteigar), SINTEF, Vestlandsforskning.	NPI
50	Klimarisikovurdering av Vestland	50.1.	Redusert klimarisiko i Vestland	Samarbeide med relevante forskingsmiljø med kompetanse på klimarisiko og berekraftig klimatilpassing for å posisjonere Vestland som leiande region innan berekraftig klimatilpassing. Dette inkluderer auka kunnskap om klimarisiko i regionen.	Samarbeid mellom NORADAPT, Statsforvaltnar og ev. andre relevante aktørar.	NPI
		50.2.	Utgreiing: Klimarisikovurdering av Vestland	Ikkje midlar til å gjennomføre utgreiinga i 2023.	Vestland fylkeskommune	NPI
51	Kulturmiljøverdiar i eit endra klima	51.1	Nettverk for kulturmiljø og klima	Deltaking i Riksantikvaren sitt nyoppstarta nettverk for kulturmiljø og klima. Nasjonal møteplass for aktørar innan kulturmiljøforvaltning som jobbar med eller ynskjer å utvikle kompetanse innan klima og kulturmiljø. Nettverket sine to fokustema er (1) reduksjon av klimagassutslepp gjennom sirkulærøkonomi og ombruk, og (2) klimatilpassing. Nettverk for kunnskapsutvikling og kompetanseheving og bidra til å vidareutvikle arbeidet på klimafeltet som er av betydning for kulturmiljøforvaltninga.	Vestland fylkeskommune	KFO
Plantema: Sikre naturmangfald						
Nr. i HP	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjere	Vestland fylkeskommune	Ansvarleg eining i VLFK

52	Forarbeid arealrekneskap	52.1.	Areal- og naturrekneskap-prosjekt	KS FOU-prosjekt "Areal- og naturrekneskapsom et nyttig verktøy i arealplanlegging. Forprosjekt med langsiktig mål om å utvikle verktøy for utarbeiding av regionale areal- og naturrekneskap for fylkeskommunane. Forprosjektet skal gi oversikt over kva som skal til for at fylkeskommunane og kommunar skal kunne ta i bruk areal- og naturrekneskap som eit kunnskapsverktøy i arealplanlegginga.	Vestland fylkeskommune	NPI
		52.2.	Klimasats-søknad: Arealrekneskap for utslppsreduksjon	Søknad til Klimasats om eige prosjekt for arbeid med arealrekneskap i samarbeid med kommunane; Voss, Sunnfjord, Aurland og Vik. Målet er å utforme ein samanliknabar metodikk til nytte for både fylkeskommunen og kommunane i regionen.	Vestland fylkeskommune	NPI
		52.3.	Sikre naturmangfald i statleg sikra friluftsområde	Sikre viktige naturverdiar i statlege sikra friluftsområde gjennom forvaltingsplanar, og planlegging av skjøtels- og tilretteleggingstiltak. Ved tildeling av tilskot til tiltak i områda skal konsekvensane av naturmangfaldet vurderast jf. § 8-12 i Naturmangfaldslova.	Vestland fylkeskommune	KFO
53	Kartlegging av karbonrike areal	53.1.	Ikkje finansiering i 2023	<i>Red vilje tom</i>		NPI
54	Økosystemtenester	54.1.	Ikkje eige tiltak i 2023	Tematikken vil inkluderas i arbeidet med 13.1 for å sikre heilskapleg planlegging i kommunane	Vestland fylkeskommune	NPI
55	Berekraftig forvaltning av kystlynghei	55.1.	Tilskot til berekraftig forvaltning av kystlynghei	Tildeling av tilskot til beiting og brenning av kystlynghei, gjennom regionale miljøtilskot i Vestland.	Statsforvaltaren	NPI
56	Innspel til naturrisikoutvalet	56.1.	Innspel til naturrisikoutvalet	Naturrisikoutvalget blei oppnemnt av regjeringen 22. juni 2022 og skal levere sin utredning (NOU) innen 31. desember 2023. Vestland fylkeskommune vil gje høyringsuttale til utredninga.	Vestland fylkeskommune	NPI
57	Naturmangfaldsplanar	57.1.	Naturmangfaldsplanar	Styrke arbeidet og fokusere på naturmangfald i kommunale planar, og i kommunale naturmangfaldsplanar. Det er mogeleg å søke tilskot frå Miljødirektoratet til planprosessen.	Statsforvaltaren i Vestland	NPI
Plantema: Klimarettferd og folkehelse						
Nr. i HP	Prioritering i handlingsprogram (HP)	Tiltaksnr.	Tiltak til årsplan 2023	Dette skal vi gjere	Hovudansvarleg	Ansvarleg eining i VLFK
58	Klima og folkehelse tydeleg på dagsorden	58.1.	Utarbeide rutine-notat	Etablere skiftleg rutine for å sikre synergjar mellom klimatiltak, folkehelse og livskvalitet.	Vestland fylkeskommune	NPI og KFO
		58.2.	Webinar i folkehelsenettverket	Inkludere klima og folkehelse som tema i folkehelsenettverket sine arrangement gjennom året. Eks. webinar.	Vestland fylkeskommune	KFO

		58.3.	Tilskot til plan for friluftlivets ferdsselsårer	Tilskot til kartlegging av friluftsområde og ferdsselsårer i kommunae for å sikre betre planlegging og forvaltning av ferdsselsårer som nyttast til rekreasjon og friluftsliv. Eit våtare og villare klima stiller krav til korleis vi planlegg og tilrettelegg stiar og turvegar for å vere robuste og toler auka klimapåkjenning. Ivaretaking av område for natur og friluftsliv er viktig både i eit klima- og folkehelseperspektiv.	Vestland fylkeskommune	KFO
59	Måle kopling mellom klima og folkehelse	59.1.	Vidareutvikle eksisterande undersøkinga.	Vidareutvikle eksisterande undersøkingar, som folkehelseundersøkinga og ungdatabase, for å sikre meir kunnskap om koplinga mellom klimautfordringar og innbyggjarane sin livskvalitet og levekår.	Vestland fylkeskommune	NPI og KFO